

ETNE KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Tysdag 21. mai 2024 blei det halde møte i Etne kontrollutval under leiing av nestleiar Anna Rødne Gjerde.

MØTESTAD:	Etne tinghus, formannskapssalen
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 14.00 – kl. 15.45
MØTANDE MEDLEMER:	Anna Rødne Gjerde (Frp), Tollef Rullestad (Ap), Kjell Tore Klungland (V) og Gerd Skumsnes Sørhus (Krf)
FORFALL:	Kurt Birger Hagen (INP)
MØTANDE VARAMEDLEM:	Pål Steinar Rullestad (Ap)
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Odd Gunnar Høie - Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ ROGALAND REVISJONEN IKS:	Rekneskapsrevisor Edith Sætrevik og leiar forvaltningsrevisjon Bjørn G. Sæbø
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Kommunedirektør Filippo Ballarin t.o.m. sak 10 og økonomisjef Cathrine G. Berge
ANDRE SOM MØTTE:	Ingen
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 07/24 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 30.01.24

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Protokoll frå møtet i Etne kontrollutval 30.01.24 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 21.05.24:

Protokollen blei godkjent slik han var lagt fram.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 21.05.24:

Protokoll frå møtet i Etne kontrollutval 30.01.24 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 8/24 ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN V/KOMMUNEDIREKTØREN

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Etne kontrollutval tek kommunedirektøren si utgreiing om sitt arbeids- og ansvarsområde til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 21.05.24:

Kommunedirektør Filippo Ballarin orienterte om sitt arbeidsområde og viste eit organisasjonskart. Han gjorde geie for dei ulike einingane, med særleg vekt på stab-støtte funksjonane økonomi-lønn og kvalitet og personal.

Innan IKT-området, der kommunen samarbeider med Vindafjord (EVIKT) var det sær vanskeleg å rekruttere nye tilsette. Kommunen hadde søkt etter ny leiar, men dette hadde ikkje ført fram. Det var no aktuelt å inngå samarbeid med IKT Nordhordland, for å sikre gode IKT tenester for framtida.

Medlemmene fekk svar på spørsmål om mellom anna rekruttering og lønsnivå.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 21.05.24:

Etne kontrollutval tek kommunedirektøren si utgreiing om sitt arbeids- og ansvarsområde til orientering.

SAK 9/24 UTTALE TIL ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING FOR 2023

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Etne kontrollutval vedtek uttale til årsrekneskap og årsmelding 2023 slik den ligg føre (med desse endringane/tillegg).

Etne kontrollutval tilrår at Etne kommunestyre godkjenner årsrekneskapen og årsmeldinga for 2023.

Handsaming i kontrollutvalet 21.05.24:

Økonomisjef Cathrine G. Berge viste ein presentasjon og orienterte om hovudtala i rekneskapen for 2023. Resultatet var på 0,3 %, som var lågare enn kommunen sitt måltal og tilrådd nivå. Det var eit meirforbruk ved tenesteområda på 9,4 mill. kr. Økonomisjefen gjorde greie for resultatata i høve til kommunen sine måltal, investeringsrekneskapen og finansforvaltninga.

Revisor Edith Sætrevik orienterte om revisjonen sitt arbeid. Ho gjorde greie for kommunen sin økonomisk situasjon og kommunen sine måltall. Vidare gjorde ho greie for funn/merknader i dei ulike delane av rekneskapen. Revisjonsberetninga var utan merknader. Revisor meinte at kommunen hadde god kontroll og revisjonen samarbeida godt med økonomiavdelinga.

Medlemmene fekk svar på spørsmål om mellom dataprogrammet «Fremsikt» og bruken av startlån.

Utvalet hadde ingen merknader og slutta seg til framlegget til uttale.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 21.05.24 og innstilling:

Etne kontrollutval vedtek uttale til årsrekneskap og årsmelding 2023 slik den ligg føre.

Etne kontrollutval tilrår at Etne kommunestyre godkjenner årsrekneskapen og årsmeldinga for 2023.

SAK 10/24 FORENKLA ETTERLEVINGSKONTROLL FOR 2023

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Etne kontrollutval tar revisor si attestasjonsuttale om etterleving av økonomiforvaltninga for 2023 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 21.05.24:

Revisor Edith Sætrevik orienterte om kontrollen, som i 2023 hadde vore av sjølvkost.

Revisjonen sin konklusjon var positiv. Det var ikkje avdekke noko som tyda på at Etne kommune ikkje i det alt vesentlege etterlevde reglane i lov og forskrift om sjølvkost for vatn og avløp.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 21.05.24:

Etne kontrollutval tar revisor si attestasjonsuttale om etterleving av økonomiforvaltninga for 2023 til orientering.

SAK 11/24 PRESENTASJON AV RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING OG PRIORITERING AV PROSJEKT

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Etne kontrollutval tar Rogaland Revisjon sin presentasjon av risiko- og vesentleganalyse til orientering.

Etne kontrollutval prioriterer følgande forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028:

1.
2.
3.

Revisor vil innarbeide utvalet sine prioriteringar i Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Framlegg til plan blir lagt fram for kontrollutvalet i neste møte.

Handsaming i kontrollutvalet 21.05.24:

Bjørn Sæbø presenterte analysen. Han gjorde greie for omgrepa som var brukt, generelle utviklingstrekk for kommunen og sektorvise utviklingstrekk.

I oppsummeringa viste han til dei områda som revisjonen meinte var særleg aktuelle for ein forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll.

Medlemmene hadde ein runde og gav uttrykk for kva prosjekt dei meinte var viktige å prioritera i dei nye planane.

Følgjande prosjekt blei framheva som viktige: kommunen som arbeidsgjevar og bustad, vedlikehald av bygningar, helse- og omsorg, vald og truslar i skulen, barnevern, generell eigarskapskontroll og Skakke SA

Utvalet var samd om å koma tilbake til saka i neste møte for å gjera dei endelege prioriteringane.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 21.05.24:

Etne kontrollutval tar Rogaland Revisjon sin presentasjon av risiko- og vesentleganalyse til orientering. Utvalet kjem attende til saka i neste møte for prioritera dei ulike prosjekta.

Revisor vil innarbeide utvalet sine prioriteringar i Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Framlegg til planar blir lagt fram for utvalet i neste møte.

SAK 12/24 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER

6. Statusrapport pr. mai 2024
7. Kst. vedtak 20.02.24 – rapport «Tilpassa opplæring og spesialundervisning»
8. Kst. vedtak 20.02.24 – Årsmelding frå kontrollutvalet
9. Midlertidig skifte av oppdragsansvarlig revisor – brev frå Rogaland Revisjon IKS
10. Folkevaldopplæring på Solstrand hotel i februar – oppsummering v/Sørhus
11. Representantskapsmøte 26.04.24 – Haugaland Vekst IKS
12. Representantskapsmøte 22.04.24 – Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
13. Generalforsamling 24.04.24 – Haugaland Kraft AS

Handsaming i kontrollutvalet 21.05.24:

Utvalssekretæren gjorde greie for referatsakene. Gerd Skumsnes Sørhus fortalte frå ei interessant og lærerik folkevaldopplæring på Solstrand hotel i februar. Utvalet hadde ingen særskilte merknader til referatsakene.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 21.05.24:

Referatsakene 6 – 13 vert tatt til orientering.

YMSE

Ingen saker blei meldt eller tatt opp.

Neste møte: tysdag 24.09.24 – kl. 14.00

Saker: orientering frå kommunedirektøren, arbeid med nye planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll og utvalet sitt budsjett for 2025.

Etne/Aksdal, 21.05.24

Anna Rødne Gjerde
Nestleiar av kontrollutvalet

Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær